Nytt om namn

Meldingsblad
for Norsk namnelag

Nr. 4. 1986

Oslo 1986

NYTT OM NAMN

Meldingsblad for Norsk namnelag (NNL)

Redaktør: Botolv Helleland

Utgjevarstad: Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo

Nr. 4 (1986)

Innhald

Landsmøte i Norsk namnelag 3
Toårsmelding for Norsk namnelag 3
Stadnamnproposisjonen let venta på seg 4
Formannen har ordet 5
Nytt om namn og Namn og Nemne 7
Den 4. nasjonale konferansen i namnegransking 8
Møte i Samarbeidsnemnda for namnegransking 8
Nytt NORNA-styre 9
Støtteerklæring fra Samarbeidsnemnda 9
Mednavn fra Sør-Troms 10
Finske stedsnavn i Nord-Norge 11
Finske navn i Sør-Norge 13
Nytt frå fylkesprosjekta 14
Nyttige stadnamn 15
Klage på skrivemåten av stadnamn 16
Truskyldige tankar etter namnekonferansen 17
Medlemskap i Namnelaget 20
"FELTSJ" - et lite tilskudd til "FELTED"-programma ... 21
Sivilteneste for namnevern 23
"Studier over bustadnavn fra Østfold" (Bokmelding) 24

Redaksjonen er avslutta 15. februar 1986

ADRESSER:

Norsk namnelag, Nordisk institutt, Universitetet i Trondheim, 7055 Dragvoll. Tlf. (07)596500
Tidsskriftet "Namn og Nemne", Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, Sydnesplass 9, 5000 Bergen. Tlf. (05)212422
Meldingsbladet "Nytt om namn", Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo, postboks 1011 Blindern, 0315 Oslo 3. Tlf. (02)454375
Bankgiro til Norsk namnelag: 8401.21.34427 (adresse: Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, Sydnesplass 9, 5000 Bergen)

LANDSMØTE I NORSK NAMNELAG

Norsk namnelag hadde sitt fyrste landsmøte 22. november 1985 på Blindern i Oslo. Eit utdrag av meldinga for dei to fyrste åra er lagt fram nedanfor.

Reidar Djupedal vart attvald som formann. Nestformann vart Peter Hallaråker, Volda. Desse vart nye styremedlemer (med personlege varafolk i parentes): Gulbrand Alhaug, Tromsø (Terje Larsen, Hokksund), Ole-Jørgen Johannessen, Bergen (Oddvar Nes, Bergen), Oskar Vistdal, Bø (Anne Svanevik, Oslo).

Ole-Jørgen Johannessen og Oddvar Nes vart attvalde som redaktørar for **Namn og Nemne**, og Botolv Helleland vart attvald som redaktør for **Nytt om namn**.

Landsmøtet gjorde vedtak om å halda på same årspengane som dei to fyrste åra, kr 100.

TOÅRSMELDING FOR NORSK NAMNELAG

Norsk namnelag vart skipa i Oslo 18. november 1983.

Alt i 1977 arbeidde Kolbjørn Aune, Nils Hallan og Ola Stemshaug fram eit forslag til lovverk for eit norsk namnelag. Reidar Djupedal leverte òg eit utkast i 1983, og på grunnlag av desse dokumenta la så Terje Aarset, Oddvar Nes og Botolv Helleland fram eit forslag til vedtekter for laget. Desse vart vedtekne med mindre redaksjonelle endringar på skipingsmøtet. Årspengane vart fastsette til kr. 100.

Reidar Djupedal var vald til formann og Per-Bjørn Pedersen til varaformann. Styremedlemer elles (personlege varafolk i parentes): Kolbjørn Aune (Hallgjerd Aune), Nils Hallan (Eli Ellingsve), Alv G. Nordal Muri (Eira Söderholm). Til ettersynsmenn vart Bjørn Eithun og Eskil Hanssen valde. Til redaktørar for "Namn og Nemne" vart Ole-Jørgen Johannessen og Oddvar Nes valde og til redaktør for "Nytt om namn" Botolv Helleland. Alle vala var samrøystes.

I perioden har det vorte halde to styremøte, i Trondheim 22.3.84 og i Stavanger 16.9.84. I alt har styret handsama 17 saker.

Rogaland distriktshøgskule skipa til eit namneseminar på Utstein kloster 16. og 17. september 1984, der fleire styrefolk deltok. Nestformannen orienterte om føremålet og arbeidsoppgåver til laget. Redaktørane gav deretter ei stutt utgreiing om "Namn og Nemne" og "Nytt om namn".

Namn og Nemne

Hausten 1984 vart fyrste nummer av "Namn og Nemne" gjeve ut. Nummeret var på 95 sider og inneheldt 6 vitskaplege artiklar.

Hausten 1985 vart andre nummer gjeve ut. Det er på 128 sider og inneheld 12 vitskaplege artiklar. NAVF løyvde kr. 25.000,- i trykkestøtte til nr. 1 og kr. 30.000,- til nr. 2.

Opplaget er på 400 eks. pr. nummer. Hausten 1985 var tingartalet (medlemstalet) om lag 270.

Nytt om namn

Nr. 1 vart gjeve ut hausten 1984 og var på 18 sider. Til saman 2000 eksemplar vart sende ut til lagsmedlemer, interesserte fagfolk og lekfolk i kommunale og fylkeskommunale kulturinstitusjonar, historielag etc.

Nr. 2 vart gjeve ut i januar 1985 og var på 24 sider. Også av dette nummeret vart 2000 eks. sende ut.

Nr. 3 vart gjeve ut i juni 1985 og var på 24 sider. Av dette nummeret vart trykt 500 eksemplar som har gått til medlemene og til ein del institusjonar.

Nr. 4 var i arbeid og var venta å koma ut ved årsskiftet 1985/86.

Institutt for namnegransking har stått for utsendinga.

STADNAMNPROPOSISJONEN LET VENTA PA SEG

Det er no tre år sidan det offentleg oppnemnde stadnamnutvalet la fram si innstilling om skrivemåten av stadnamn. Seinare har Kultur- og vitskapsdepartementet arbeidd med saka med tanke på ein odelstingsproposisjon. Proposisjonen har vore venta ei tid, men førstekonsulent **Halldis Sandsdalen** i Kulturdepartementet kan ikkje seia når han er klar.

Formannen har ordet:

MED NAMN SKAL LAND BYGGJAST OG IKKJE MED UNAMN ØYDAST

Du skal ikkje ha fare lenge kring i landet før du støyter på vegmerke med namneformer du ikkje heilt vil kjennast ved. Ikkje er dei skrivne i samsvar med bygdemålet, og heller ikkje høver dei med vanlege skrivereglar. Ein stad ser vi forma Liseth på ein vegvisar. I bygda seier dei Lidasæte. Forma Lidasæte kan vel "normaliserast" på fleire vis, men visst er det at forma Liseth ikkje kan vere rett.

Liknande blandingsformer finn vi mange stader, og dei vert fleire og fleire. Mange av desse papirformene kjem av at stadnamnet vert blanda saman med ymse skrivemåtar av ættenamn som kjem av stadnamnet. Ofte er det eit gardsnamn eller eit bruksnamn det er tale om. Vi kan nemne nokre døme. Garden heiter Apalslette, men vert omtydd til Apelsæth og skrive slik. Same skrivemåten brukar folket på garden til ættenamn. På same måten vert Einehaugen til Enerhaug, Vengane til Vingen, Revikja til Refvik.

Freistar du å finne ut kven som har ansvaret for dei offisielle namneformene på skilt og kart, er det som å nyste ut ein endelaus tråd. Det er alltid ein ende innanfor enden. Den eine viser til den andre, og du er like vis. "Spør ikkje meg", får du til svar.

Vi var nett inne på samanblandinga av skrivemåten for gardsnamn, bruksnamn og andre stadnamn på ei side og ættenamn som kjem av slike namn på den andre sida. Mange hevdar at skrivemåten av ættenamnet er den rette, og dei vil ikkje vite av at bygdeuttalen er noko å bry seg om. Dei mest boksynte viser til gamle matriklar og seier: "Gardsnamnet skrivst slik og slik, endå om folk seier noko anna". Mange reknar såleis rangskrivne gardsnamn for dei rette og held desse skriftformene for gjævare enn former som byggjer på uttalen. I fleire høve har skriftformene trengt talemålsformene unna og vorte dei vanlege (t.d. Kinneberg for Tjernbard). Elles kan nemnast motsetnader mellom tale og skrift i namn som Mo for Moe, Stein for Steen, Sten eller Stend, Kvam for Hvam(b), Lid eller Li for Lie eller Lied. I "Ervingen" vert Herman Sandebakken til Herman Sauenbach. Liknande døme finst det fleire av, jamvel i det levande livet.

På hi sida finst det òg folkeetymologiske stadnamnformer som vert fornorska i god tru, såleis når namn på Grøt- el. Grjot- vert til Graut-, og Rød- el. Rjød- vert til knytt til adjektivet raud.

Skrivemåten av ættenamn er ei sak for seg. For ættenamn gjeld særlege reglar og lover. Dei har ikkje noko med skrivemåten av stadnamn å gjere reint juridisk. Korleis folk vil stave ættenamna sine, vert deira sak innanfor dei grensene som lova set. Korleis stadnamn skal skrivast, er derimot noko folk ikkje kan avgjere etter eige tykkje. Det er ei offentleg sak, der fagfolk bør ha avgjerande innverknad på det endelege vedtaket. Vi kan gjerne seie at alle stadnamna våre er offentleg eigedom.

Derfor er det naudsynt å styrkje og byggje ut ei offentleg og samordna rådgjevingsteneste for namn, gjerne knytt til dei nordiske institutta ved universitet og faghøgskular. Detaljane i ein slik skipnad må sjølvsagt drøftast, men hovudsaka står fast: Styrkje og byggje ut både innsamling og gransking av norske stadnamn av alle slag og få bygt opp ei betre rådgjevingsteneste enn den vi har. I fleire år har det vore tale om ei stadnamnlov. Ja, lenge har det vore sagt at ho var dags ventande. Det hastar med å få ei slik lov. Det er mykje å ta fat på, og store oppgåver ventar.

Sidan vi talar om offentleg namnetilsyn og namnevern, kan det med same vere grunn til å sjå på den kommunale namngjevinga på gater, vegar, plassar og bygrender. Dei kommunale namnenemndene er politisk valde og jamnast samansette etter politisk partistyrke. Fagkunnskapen er ofte sett til side.

Ser vi på gatenamn og nye namn på vegar og stader i byane, finn vi at mange namn er meir velmeinte enn fornuftige. Dei eldste byane våre hadde ofte gatenamn som gjekk langt att i tida, t.d. Adalgata, Langgata, Strandgata o.l. Mange av desse gamle gatenamna er sidan utskifte med meir "moderne" namn, for det galdt å fylgje med i tida. På den måten har vi fått Karl Johansgate i Oslo (forkorta til Karl-Johan), Oscarsgate i Bergen og Olav Tryggvasonsgate (i varierande skriveformer) i Trondheim. Fyrst i vår tid har det vorte meir vanleg å nytte ut det namnetilfanget som frå før finst på staden når nye gater og vegar skal ha namn, no byane et seg utover all mark og bygdebyar og tettgrender veks til.

Det er òg den rette vegen å gå. Fritt påkomne namn som Piano-

vegen og Trompetvegen er ikkje tilrådelege. Derimot er Åsfaret, Brattbakken og Leinelida gode nemningar fordi dei er laga i samsvar med gamal namnesed og inneheld ingen framandslege ordlagingsemne. Det bør ikkje heite Kongens gate, men Kongsgata. Det bør ikkje heite Bjørnstjerne Bjørnsons plass, men Bjørnsonplassen. Det heiter Haraldshaugen, ikkje Kong Harald Hårfagres haug.

Eit vanskeleg spørsmål er oppattnemning etter folk. Les du i lister over gatenamn og finn alle samla på eitt brett, kan du verte reint forstøkt. Kanskje bør namnegjevarane ta seg betre tid til å tenkje seg om før dei renner til med gatenamn av dette slaget. Namna er velmeinte, men det er ikkje grunn nok. Dei burde og ha tenkt på dei folk som skal bu i gater og vegar med umogelege namn. Eit gatenamn som Fru generaldirektør Peder P. Pedersens avenue finst ikkje vil eg tru, men denne namngjevingsmåten er ikkje ukjend. Ei karantenetid på 50 år for slike namn burde det minst vere.

Vi treng eit kommunalt namnevern sameleis som vi treng eit statens namnevern. Vi vil ikkje ha meir byråkrati og bokstavtrældom, men meir sakkunnskap og fornuft i alle namnesaker.

Reidar Djupedal

NYTT OM NAMN og NAMN OG NEMNE

Lesarane våre har måtta venta ekstra lenge på dette nummeret av meldingsbladet. Nr. 3 kom i fjor sommar, og nr. 4 var lova mot slutten av 1985. Men grunna stort arbeidspress kjem bladet fyrst no. Neste nummer vil koma over sommarferien, og innlegg til bladet kan sendast til redaksjonen (sjå adresse s. 2) innan utgangen av juni.

Namne og Nemne var opphavleg tenkt å koma med to nummer i året, men praktiske og økonomiske årsaker har gjort at redaksjonen har valt å gje ut eitt hefte i året med omfang som eit dobbeltnummer. Nr. 3 av tidsskriftet kjem ut hausten 1986.

DEN 4. NASJONALE KONFERANSEN I NAMNEGRANSKING

Blindern, 22. november 1985

I samband med landsmøtet i Norsk namnelag arrangerte Institutt for namnegransking den 4. nasjonale konferansen i namnegransking med **lydskrift** som hovudemne. På konferansen vart ei rekkje prinsipielle og praktiske sider ved attgjeving av tale tekne opp. Det vart lagt særleg vekt på oppskriving og transkripsjon av stadnamn. Sentrale spørsmål her var om ein skulle leggja ein fonetisk eller ein fonemisk transkripsjon til grunn, og korleis lydskrifta skulle tilpassast dataregistrering av stadnamn. Det gamle stridsspørsmålet om ein burde gå over til det internasjonale lydskriftsystemet (IPA) eller halda på Storms Norvegia-lydskrift, vart òg drøft med stort engasjement. Av meir allmenn interesse var spørsmålet om korleis målføre kunne attgjevast i lokalhistorisk litteratur, sett både frå forfattar og forlag.

Det vart halde heile 12 innlegg på konferansen. Innleiarane var (i kronologisk rekkjefylgje): Botolv Helleland, Andreas Bjørkum, Arnold Dalen, Nils Øyvind Helander, Arne Kjell Foldvik, Helge Sandøy, Oddvar Nes, Håvard Hjulstad, Ivar Utne, Rolf Fladby, Kristian Strømshaug, Jon Haarberg.

Medrekna innleiarane var det 75 deltakarar på konferansen. Hausten 1986 vil det verta gjeve ut ein konferanserapport.

MØTE I SAMARBEIDSNEMNDA FOR NAMNEGRANSKING

Det nasjonale samarbeidsutvalet for namnegransking (Samarbeidsnemnda) hadde møte i Oslo 21. november 1985. Møtet tok m.a. opp spørsmål som knyter seg til oppbygging av databasar for stadnamn og utveksling av dataregistrert namnemateriale. Med bakgrunn i Innst. S. nr. 132 om kulturpolitikken i 1980-åra diskuterte Samarbeidsnemnda kva tiltak dei faglege institusjonane burde setja i verk for å fylgja opp dei positive signala frå sentralt hald om opptrapping av stadnamninnsamlinga i landet. Det vart vedteke at arbeidsutvalet skulle førebu ei fråsegn til Kultur- og vitskapsdepartementet.

Samarbeidsnemnda vedtok òg å stø ei fråsegn om prosjektet "Stadnamn i tre-språklege område" (sjå eige oppslag).

NYTT NORNA-STYRE

Nordisk samarbeidskomité for namnegransking (NORNA, sjå Nytt om namn nr. 1, s. 8) har fått nytt styre. På den 9. nordiske namnegranskarkongressen i Lund 4.-8. august 1985 vart desse valde: Danmark: **Bent Jørgensen** (vararepr. **Vibeke Dalberg**), Island: **Þórhallur Vilmundarson** (**Guðrún S. Magnúsdóttir**), Finland: **Eero Kiviniemi** (**Peter Slotte**), Noreg: **Botolv Helleland** (**Ola Stemshaug**), Sverige: **Bengt Pamp** (**Lena Peterson**). Seinare er det kome melding om at **Eivind Weyhe** (**Jóhan Hendrik W. Poulsen**) representerer Færøyane. Helleland vart vald til formann, og på det konstituerande styremøtet vart Jørgensen vald til varaformann. **Tom Schmidt** og **Gunhild Birkeland**, begge frå Institutt for namnegransking i Oslo, vart valde til sekretær og kasserar. Det har vore vanleg praksis at sekretariatet er knytt til same institusjon som formannen.

Funksjonstida til det nye styret og sekretariatet er fram til den neste nordiske namnegranskarkongressen, som skal vera i Danmark i 1989.

Det nye NORNA-styret hadde sitt fyrste ordinære møte i Oslo 23. november 1985.

STØTTEERKLÆRING FRA SAMARBEIDSNEMNDA

Etter forslag fra Nils Øyvind Helander, Institutt for språk og litteratur ved Universitetet i Tromsø, vedtok Samarbeidsnemnda for namnegransking på sitt møte 21. november 1985 å støtte følgende uttalelse:

Samarbeidsnemnda for namnegransking gir sin tilslutning til det påbegynte innsamlingsarbeid av stedsnavn i de trespråklige områdene i Nord-Troms og rår til at det blir fortsatt. Dette arbeidet er nå kommet godt i gang som et prosjekt støttet av NAVF. Dersom det videre innsamlingsarbeidet og bearbeidelsen av navnematerialet nå opphører, er det beklagelig av flere grunner.

I mange områder er informantene som ennå kjenner til og behersker de samiske og finske navneformene eldre mennesker. Allerede nå har innsamlerne opplevd at innsamlingsarbeidet skjer i tolvte time. Flere viktige informanter som har blitt intervjuet de to siste årene, og som har vært de eneste gjenlevende som har kunnet si noe om samiske

MEDNAMN FRA SØR-TROMS

Høsten 1979 mottok Institutt for namnegransking et betydelig tilskudd til samlingene sine fra Nord-Norge. Statsstipendiat **Edvard Ruud** overleverte da et materiale på om lag 11.500 navn, utskrevet på lister og inntalt på lydbånd. Grunnstammen i tilfanget er 1.500 médnavn fra Andøya i sør til Malangen i nord. Mange års arbeid ligger bak denne samlingen. Ruud har ferdes vidt for å finne sine informanter, heimefiskere fra øyene og fjordene.

I tillegg til selve médnavnene har Ruud registrert navnene som er knyttet til médlinjene. Materialet inneholder videre opplysninger om dybde og ofte også bunnforhold på stedet samt tilleggskommentarer og enkelte tolkingsforslag.

Arbeidet med å normere skrivemåten av navnene er nå fullført i henhold til gjeldende skriveregler. Materialet er skrevet ut på nye lister og påført uttale (av undertegnede) ut fra lydbåndmaterialet. Videre sortering og alfabetisering gjenstår, og en vurderer nå på hvilken måte EDB vil være et tjenlig hjelpemiddel for å løse denne oppgaven.

Edvard Ruuds samling er omfattende og inneholder mange interessante opplysninger både for språkforskere, historikere og andre folk som arbeider med kulturhistoriske spørsmål i området. Médnavnene er naturlig nok ei utsatt navnegruppe som er i ferd med å bli kraftig redusert - sammen med sine brukere. Med dette arbeidet har Ruud tatt vare på en viktig del av navnetradisjonen i et kystområde i Nord-Norge.

Eli Ellingsve

---

eller finske stedsnavn, har gått bort.

En annen viktig grunn til at det påbegynte arbeidet ikke bør avbrytes nå, er det faktum at det kan være vanskelig på nytt å finne kvalifiserte personer til dette arbeidet, dvs. personer som behersker de aktuelle språkene (finsk, samisk og norsk). De som nå er engasjert i dette arbeidet representerer fagkunnskap som er absolutt nødvendig for stedsnavnarbeid i de trespråklige områdene nordpå.

Uttalelsen vil bli lagt fram for Norges almenvitenskapelige forskningsråd, Kultur- og vitenskapsdepartementet og Norsk kulturråd.

FINSKE STEDSNAVN I NORD-NORGE

Den egentlige finske innvandringen til Nord-Norge begynte tidlig på 1700-tallet, altså noe senere enn den finske innvandringen til sørligere strøk i Norge, til Finnskogene. Innvandringen var også av annen type enn den til Sør-Norge. Finner som kom til Nord-Norge, var kjent i området allerede tidligere; Kvener hadde reist der på sine handels- og fisketurer fra Tornedalen og Kemielvedalen allerede i århundreder og hadde også fra før navn, i hvert fall på de viktigste stedene der. De hadde også en helt annen dialekt enn skogsfinnene: den skogsfinske dialekten var en østlig dialekt, savolaksisk, mens de nordfinske og kvenske dialektene hører til den vestfinske dialektgruppen.

De eldste dokumentene der man finner finske stedsnavn i Nord-Norge, er svenske skattemanntall fra 1500-tallet. F.eks. har man i 1594 brukt det finske navnet Lemmijoki (Lemmijocki) om Lakselv i Porsanger. Det finske navnet er også det eldste dokumenterte på dette stedet. Men generelt sett er det få finske stedsnavn som har fått en slik status at de er blitt brukt skriftlig og dermed kommet med i de skriftlige kildene. Det eneste stedet der finske navn i større omfang har kommet i offisiell bruk, er Alta, der jordmåleren som laget den første jordmatrikkelen fra stedet i 1774-75 fulgte folkemålsformene ved registrering av navn på jordeiendommene. Mange av disse navnene har overlevd i matriklene opp til våre dager.

De skriftlige dokumentene er likevel til liten nytte når en vil kartlegge finske stedsnavn i Nord-Norge. De viktigste kildene - og for de fleste kvenske bosetningsområdene de eneste - er de muntlige. I dag kan vi finne finske stedsnavn i de fleste fjordbunnene fra Lyngen i Troms til Kirkenes i Øst-Finnmark; det er fjordbunner som kvenene har funnet mest gunstige ved valg av bosetningsplass. De viktigste områdene med kvenske innslag er Lyngen, Nordreisa, Kvænangen, Alta, Porsanger og Varanger med Vadsø, Bugøynes, Neiden og Pasvik. På disse stedene finner man fremdeles eldre finsktalende som har sine gamle stedsnavn i levende bruk. Men i mange andre gamle kvenske bosetningsområder som f.eks. Tana, Nesseby, Laksefjord og Magerøy har fornorskingen gått så langt at det er vanskelig å få tak i finsktalende informanter, og dermed må en også regne med at navnene har gått tapt.

Foreløpig er følgende materiale samlet inn:

Nordreisa	1 314	navnekort
Sør-Varanger	2 120	"
Tana	337	"
Vardø	131	"

Nesseby	79	navnekort
Vadsø	547	"
Alta	706	"
Kvænangen	528	"
Lebesby, Gamvik og Skjervøy	420	" (Til sammen 6 182 navnekort)

Dette er materiale som er blitt samlet i regi av stedsnavnarkivet i Helsingfors (Nimitoimisto i Kotimaisten kielten tutkimuskeskus). Det pågående prosjektet "Stadnamn i trespråklege område i Nord-Troms" har samlet ganske mye finske stedsnavnmateriale fra Storfjord i Lyngen, og dette er nå under bearbeiding.

De finske stedsnavn i Nord-Norge er foreløpig et svært lite utforsket område selv om de byr på meget interessante forskningsoppgaver. De representerer en liten minoritetskultur mellom den norske og den samiske bosetningen, men samtidig er de en del av det finske stedsnavnsystemet som dekker størsteparten av Nordkalott-området. Pr. idag har vi i gang to prosjekter der kvenske stedsnavn utgjør en vesentlig del av forskningsmaterialet: det ovenfor nevnte Nord-Troms-prosjeket (NAVF-støttet) med Thor Frette som leder, og prosjektet "Fra tornedalske til kvenske stedsnavn", som undertegnede arbeider med. Vi må håpe at disse to prosjekter kan gi oss litt mer informasjon når det gjelder Nord-Norges finske stedsnavn og deres oppkomst og struktur og forhold til områdets norske og samiske stedsnavn.

Eira Söderholm

Stadnamninnsamling IV (framhald frå Nytt om namn nr. 3):

- Kom igjen! Du har sikkert fleire namn innabords!

(Teikning: Lars-Erik Harsson)

FINSKE NAVN I SØR-NORGE

Finske stedsnavn forekommer over ganske store deler av Østlandet, men det er først og fremst på Finnskogene at den finske innvandringen har satt språklige spor etter seg. Finnskogene er et område i grensetraktene i Hedmark. På den norske siden er Finnskogene et område som strekker seg fra Trysil i nord til Kongsvinger i syd. De første finnene flyttet trolig til Grue Finnskog omkring 1600, og bosetningen spredte seg derfra nord- og sydover, men også vestover, like til Krokskogen, Modum og Sigdal.

Finsk språk brukes ikke mer i området, men mange finske navn minner om den gamle finske bosettingen. Mange navn er oversatt til norsk eller fornorsket. Og ikke minst må vi regne med at et stort antall er forsvunnet. Men det er likevel et forbausende stort antall finske navn som er blitt bevart til i dag, dvs. at de kan ha eksistert gjennom 3-400 år. Selv har jeg registrert ca. 2000 finske stedsnavn i området. Muligens kan flere registreres i dag, selv om mulighetene for innsamling blir stadig mindre med årene. Det bør ellers nevnes at Ragnvald Iversen har omtalt ganske mange av disse navnene i sin bok Finsk på norsk grunn.

De moderne kartene fra Norges geografiske oppmåling (M711-serien i M. 1:50 000) inneholder mange finske navn. Økonomisk kartverk (i M. 1:5000) har med en god del flere - jeg har talt opp til 14 på enkelte kartblad. Skrivemåten av de finske navnene utgjør et problem for seg. På kartene finner man nokså stor vakling, både rent finske former forekommer og mer tillempede former. I alle fall synes det være behov for en språklig gjennomgang av en stor del av disse navnene. Et prinsippspørsmål vil være hvorvidt man skal legge finske eller norskspråklige prinsipp til grunn - for min del mener jeg at man bør bygge på den norske uttalen. Finsk kan jo ikke regnes som noe levende språk i dette området.

Finske stedsnavn er blitt grundig innsamlet på den svenske siden, men på den norske siden har innsamlingen vært mangelfull, til tross for det som er gjort. Interessen for navnene synes ikke å ha vært så stor som interessen for det historiske og framfor alt sagntradisjonen i Finnskogene. I dag synes imidlertid finsk språk og særlig finske navn i området å ha kommet mer fram i folks bevissthet, noe som bl.a. har ført til at det blir konstruert finske navn som ikke er av gammel opprinnelse. Til dels kjenner folk i området betydningen av de finske navnene, men svært ofte nøyer de seg med å si at navnet er finsk.

Tuula Eskeland

NYTT FRÅ FYLKESPROSJEKTA

Eit prosjekt om innsamling av stadnamn i Møre og Romsdal har vore førebudd i fleire år under leiing av **Peter Hallaråker** ved distriktshøgskulen i Volda. Frå 1986 er prosjektet fullfinansiert med midlar hovudsakleg frå Fylkesutvalet, Fylkeskartkontoret, Norsk kulturråd, Noregs allmennvitskaplege forskingsråd. Også frå Møre og Romsdal distriktshøgskule og Møreforsking er det stilt ressursar til rådvelde. Kommunane i fylket har, i alle fall for ein stor del, gått inn for å løyva 5-10.000 kroner årleg til lokale tiltak i samband med innsamlinga. For fireårsperioden 1986-89 er det budsjettert med ein årleg sum på kr. 340.000.

Frå 13.1.1986 er cand.philol. **Tor Erik Jenstad** engasjert som forskar i prosjektet. Sivil tenestepliktig **Idar Krumvik** er engasjert som assistent for eitt år frå 11.11.1985.

****

Innsamlingsprosjektet i Sogn og Fjordane som vart starta opp hausten 1985 med ei tidsramme på 8-10 månader, har vorte noko forlenga, fortel fylkeskultursjef **Lidvin Osland** i telefonen frå Førde.Men arbeidet har kome langt i mange kommunar, og det vert rekna med at om lag 100.000 stadnamn er registrerte på namnelister, økonomiske kartblad og lydbandkassettar Vitskapleg personale ved Nordisk institutt i Bergen har halde ei lang rekkje kurs, og no har instituttet fått tilsett ein vitskapleg medarbeidar i halv stilling for å fylgja opp arbeidet. Kulturutvalet i fylket har løyvd kr. 75.000 ekstra, og Kulturdepartementet har stilt ei ekstraløyving på 50.000 til rådvelde. Vidare har 10-12 kommunar sagt seg viljuge til å yta ekstra tilskot for innsamling i eigne område som svarar til to månaders arbeid. Totalt vil budsjettet for prosjektet no koma opp i over 3 millionar kroner.

Osland fortel òg at cand.philol. **Jan Olav Fretland**, som har vore engasjert som dagleg leiar i prosjektet ved Fylkesarkivet i Kaupanger har fått forlenga engasjementet i halv stilling for haustsemesteret.

I april i år vil prosjektet invitera til ei samling for å drøfta resultata av arbeidet

NYTTIGE STADNAMN

For nokre år sidan samla eg inn namna på om lag 130 fiskeméd i Austevoll kommune i Hordaland. Føremålet den gongen var i første rekkje å ta vare på eit verdfullt namnemateriale.

Under innsamlingsarbeidet fekk eg høve til å skriva av fem médbøker. Den eldste er truleg frå 1870-åra. Det var stort sett dei same fiskeplassane som var nedskrivne i alle bøkene. Likevel kom kvar einskild bok til nytte for di det i mange tilfelle var oppgitt ulike médliner, og nokre gonger var underméd tekne med.

På grunnlag av samtalar med eldre fiskarar og dei fem médbøkene laga eg ei ny médbok eller médhefte. Dette heftet trykte eg i fleire eksemplar og gav til yrkesfiskarane.

Nokre av méda har vore svært lite brukte dei siste 20-30 åra, og difor har dei gåttt i gløymeboka, Yngre fiskarar har berre høyrt namna på fleire av fiskeplassane. Andre kjenner namna på siktepunkta i médlinene, men dei vil av fleire grunnar likevel ikkje finna staden. Skal ein t.d. fiska på Lortebrot, må ein bruka médlinene 'Storableket sørom Furen og midthakket i Siggjo over Hesten'. Det er likevel ikkje sikkert ein finn Lortebrot når ein kjem ut på havet. Ein fiskar må for det første vita kvar alle dei nemnde stadene er. Dessutan må han ha greie på korleis innlandet ser ut frå Lortebrot, for di landskapet endrar seg mykje, ofte til det ukjennelege, når ein ser det frå havet.

Sjølv om fiskarane i dag har gode båtar som er utstyrte med førsteklasses reiskapar og navigasjonsinstrument, er dei framleis avhengige av å ha kunnskapar om méda på dei gamle fiskeplassane.. Det viser seg at desse fiskestadene er mellom dei beste. Ved å nytta desse er dei sikra eit brukande økonomisk utbyte.

Ein av yrkesfiskarane har difor teke initiativet til å utvida dette médheftet. Han har utstyrt seg med førsteklasses fotoutstyr som han har liggjande i båten. På klårversdagar fotograferer han innlandet lagns begge médlinene med telelinse. Når han har fotografert innlandet frå alle fiskeplassane, vil han laga ei ny og einestående médbok som vil vera til stor nytte for fiskarane. Kvart méd vil få knytt til seg eit bilete og alle dei opplysningane som det er nødvendig å ha

kjennskap til.

Det var økonomiske grunnar til at ein fiskar for over 100 år sidan skreiv méda ned i ei bok. Dei same namna blir i 1986 også brukte i ein økonomisk samanheng. Tiltaket i Austevoll er eit døme på at kjennskapen til médnamna er like nødvendig i dag som i 1870-åra. Denne fiskaren, ein dagleg brukar av namna, har med tiltaket sitt teke vare på ei verdfull samling av namn for all framtid.

Nils Steinar Våge

Stadnamninnsamling V:

-Æ'ræ innsamling
tel havnelager si'ru?
Men je har itte no'n båt,
da ma!

KLAGE PA SKRIVEMATEN AV STADNAMN

Redaksjonen har fått fleire spørsmål om klage på skrivemåten av stadnamn, m.a. av namn på det offentlege kartverket. Vanleg praksis er at den enkelte forvaltningsgreina (t.d. vegkontor, kartprodusent) er ansvarleg for namnebruk og skrivemåte på sine omkverve, og klager skal rettast til forvaltningsgreina, som eventuelt ber statens namnekonsulentar om ei vurdering. Meir prinsipielt viktige saker går til Kulturdepartementet. Statens kartverk (NGO) tek vare på alle klager på namn slik at dei kan vurderast ved neste utgåve av dei karta det gjeld.

TRUSKYLDIGE TANKAR
etter konferansen i namnegransking 22.11.1985

Vi reknar med at det i si tid kjem ein fyldig rapport som ikkje berre gjev att det som vart sagt, men fyller ut og klårlegg dei innlegga som det berre vart tid til å leike innpå i det fullsette og interessante programmet. Det handla nemleg om så grunnleggjande ting som attgjeving av uttale, i 'finare' eller 'grovare' form, sjølve identifikasjonen av eit namn. Den genuine uttaleforma e r namnet, i alle fall der dette er meir enn eit 'papirnamn'.

I innbjodinga i førre nr. av "Nytt om namn" skriv redaktør Helleland: "Spørsmål som det er aktuelt å ta opp, er kva prinsipp bør leggjast til grunn for attgjeving av munnleg tale (fonetisk eller fonemisk transkripsjon), kva lydskriftsystem er mest tenleg,.." osv.

For oss som har vore opptekne med å finne fram til ein brukbar tradisjonell transkripsjon, og jamvel kan hende emnar på å nytte han ut, kan dette bryte ned (eller la oss få gå i grava med) sjølve barnetrua, og dermed dei store profetar som Johan Storm, Oluf Rygh, og tilsvarande disiplar som Sigurd Kolsrud, Ingeborg Hoff og Olav T. Beito. - Difor dette nærliggjande notatet.

La meg først få nytte høvet til å stadfeste eit par Sigurd Kolsrud-anekdotar: Han vart spurd om avgrensinga av 'fonem'. Med vanleg alvor, men òg med vanleg glimt i auga, svara han: "Tala ikkje med meg om slike ting, eg er ein gamal mann!" - Glimtet bak dei tjukke brilleglasa hadde han òg på ei ettermiddag-førelesing, over nettopp "Norsk ljodskrift". Det hadde ikkje vore nokon trengsel der frå førsten heller. Så var tilhøyrarane snart skrumpa inn til to instituttmenneske, Inger Frøyset frå Norsk Målførearkiv og eg frå Norsk Stadnamnarkiv. Sigurd Kolsrud innleidde like fullt med "Mine da mer og herrar!". Ein kveld kunne heller ikkje Inger Frøyset koma. Etter den vanlege helsinga såg førelesaren ut i auditoriet og oppdaga meg einsam, mælte så: "Orsak! Min herre!", og gav ei blanding av førelesing og privatundervisning. -

Det kunne vera ei oppleving når han glimta til med eit innsyn eller utsyn. Og lærdomen i t.d. "Norsk ljodskrift" og "Nynorsken i sine målføre" let seg ikkje løyne. - Ernst W. Selmer, professor i allmenn fonetikk, og med mange andre innfallsvinklar enn Sigurd Kolsrud, skreiv om "Norsk ljodskrift" "Jeg har nå lest det lille heftet flere ganger og finner hver gang noe nytt, ikke akkurat noe sensasjonelt epokegjørende,..., men en personlig vurdering som frukt av lang pønskning."

Om den store læremeister Johan Storm, vidfemnande vitskapsmann, høyrde eg berre godord frå Kolsrud, som t.d. kunne reagere på utidig samanblanding av språkpolitikk og språkregistrering med å seia: "Johan Storm var heller

ingen målmann. men han kunne likevel skrive opp pålitande målprøver!"

Eg var så heldig at eg 'nådde atti' ein informant som Johan Storm hadde brukt da han i 1885 ferdast i Nord-Gudbrandsdalen. Denne kvinna hadde òg berre godt å seia om den 'ty(d)lege' mannen som gav seg så god tid i samtale med henne og far hennar. Han spurde oppatt og oppatt, hermde så sjølv ordet, og kjende ofte med fingeren i munnen sin før han sa: "Jo, nu har jeg det." - Dette samsvarar med det inntrykket vi elles får frå Storms arbeid, m.a. i "Norvegia". Han nøyer seg ikkje berre med uttaleforma, men bryr seg òg med artikulasjonsmåten, og var ein banebrytar innan fonetisk gransking. Hans "Norsk Lydskrift med Omrids af Fonetikken" har synt seg å tåle både bruk og kritisk gransking. - Som Sigurd Kolsrud hevdar i "Norsk ljodskrift": "Den norske ljodskrifti går ut ifrå kjennskapen til den vanlege uttalen i Norsk. ...Skrifti er difor lett å lesa, og bokstavane er lette å skriva."

Også svensk og dansk lydskrift byggjer i prinsippet på heimleg lydverdi. Det har eg sjølv røynt, da eg fekk mi aller første innføring i lydskrift ved svensk universitet. Det kunne kanskje tykkjast vera eit argument for alternativet: Det internasjonale IPA-systemet.

For meg tykkjest det lite gjennomførleg å kunne gripe faste lydverdiar ut frå lause lufta, om ein så må seia, utan å setja det i relasjon til noko kjent. Det er få som er så musikalske at dei har 'det absolutte gehør', også når det gjeld det språklege. Som tilnærma rettleiing derimot må IPA vera eit godt hjelpemiddel. (For utlendingar t.d., som det er det i framandspråk for norske skuleelevar og studentar.) Og da med ein så bra tilpassa 'nøkkel' mellom Norsk lydskrift og IPA som det er praktisk mogleg (jfr. Oddvar Nes). Såleis ikkje NL eller IPA, men NL og IPA, kvar til sitt bruk? Så langt eg har skjøna EDB-ekspertane, er det ikkje tekniske hindringar der, om berre det viktigaste, det pålitande innsamla tilfanget er til stades!

Ein liten gløtt på det 'kolsrudske' svaret på spørsmålet om 'fonem' må ikkje få oss til å tru at ikkje både termen og omgrepet var vel kjent for han. I "Norsk ljodskrift" nyttar han for det aller meste vanleg fagterminologi. Men som hans svenske kollega Bangt Hesselman var det ikkje alltid han kunne fylgje med i "det nymodiga konstspråket". - Meir interessant var det at han ikkje alltid såg så vasstette skott mellom den fonetiske og den fonemiske transkripsjonen. Berre eitt einaste døme frå våre Nord-Gudbrandsdalsbygder: vat´nə , n.sg.bd. / vat´nė , n.pl.bd. har tydingsskiljande endingsvokal. Men nå finst det bygder som har mist eller er i ferd med å misse denne motsetnaden, som sjølvsagt er både historisk og geografisk interessant, om ein har "den finfonetiske transkripsjonen" som tek med slike "viktige allofonar" (jfr. Arnold Dalen).

"Nokon overgang til IPA har ikkje kome på tale ved (Målføre-)arkivet,trass

i kritikk frå sume hald, av di alle eldre kjelder held seg til Storms lydskrift," skriv Andreas Bjørkum.

Ernst W. Selmer finn òg i regelen "god Norvegia-disiplin... i dialektmonografienes mangfoldighet".

I desse dagar kjem det på Universitetsforlaget ut eit vitskapleg svært verdfullt verk, Kåre Hoel: "Studier over bustadnavn fra Østfold", i Skrifter frå Institutt for namnegransking, 4.

Ikkje berre har forfattaren i eit snart livslangt innsamlings- og granskingsarbeid funne at tradisjonell Norsk lydskrift er eit tenleg reiskap, men at han også under redigeringa med den har kunna skapa fullt samsvar med utkomen litteratur og anna innsamla kjeldetilfang.

- Den vakne lesaren har nå skjøna tittelen på dette innlegget: 'Truskyldig' i tyding 1): 'einfaldig, naiv', og i tyding 2): frå eldre bruk, 'trufast, lydig', her andsynes det tradisjonelle. Slik Bjørnson brukar det i eit (nyfunne) brev: "Det er bare i Norge, som de går hen og gjør det rette i troskyldig følelse av det naturlige."

Om det ved vårt emne finst eitt 'rettare' syn enn andre, er det nå høve til å drøfte, før noko prinsipielt vedtak blir gjort, i ei sak som vedkjem både fagfolk og ei stor mengd 'vanlege' lesarar.

Lars Ekre

Stadnamninnsamling VI:

-Æg sko jædna ha graia pao adle dai stanåvnæ so ha mæ bjødn å jæra!

(Teikning: Unni-Lise Jonsmoen)

MEDLEMSKAP I NAMNELAGET

Medlemstalet i Norsk namnelag nærmar seg 300, men det er plass til fleire. For 100 kroner året får du medlemskap som samstundes gjer at du vert abonnent på tidsskriftet **Namn og Nemne** og på meldingsbladet **Nytt om namn** som du no held i hendene. Gjennom desse to publikasjonane får du greie på ein god del av det som skjer på det vitskaplege og praktiske planet i namnegransking.

Nr. 2 av **Namn og Nemne** (1985) byr på flg. artikkelstoff:

Nes, Oddvar: Gamle vassførenamn. *Inn og *Lemund- 7
Sandnes, Jørn: Kvam som terrengord, gards- og bygdenavn i Norge 29
Stemshaug, Ola: Finnen og Finnafjorden i Sogn 43
Vistdal, Oskar: Namneparet Sjodalen – Heidalen og andre samrøtingar 53
Frette, Thor: «Raftesiden» 77
Myrvang, Finn: Lovund og litt til. Om tre kjende øynamn på Helgeland 81
Harsson, Margit: EDB-registrering av stadnamn i Noreg 87
Hagland, Jan Ragnar: Namnelovgjeving og målstrid 99
Tveitane, Mattias: Seljord og Seljordsvatnet 109

Bokmelding:
Inge Særheim: Stadnamn fortel historie. Meld av Gunnstein Akselberg 117
Tilsend litteratur 123
Medarbeidarar i årgang 1 og 2 125

Tingingsblankett. Klipp frå slippen og send han til **Namn og Nemne**, Nordisk institutt, Sydnesplass 9 5000 Bergen.

Eg/vi ynskjer å verta medlem i Norsk namnelag og samstundes tingar av Namn og Nemne/Nytt om namn

Namn: _____

Adresse: _____

"FELTSJ"
- et lite tilskudd til "FELTED"-programma

Institutt for namnegransking (IN) har etter hvert fått dataregistrert ca. 20.000 stedsnavn (og et mindre antall personnavn). Til denne registreringa har en basert seg på ei programpakke "FELTED" som er laget av Håvard Hjulstad, og som er spesielt tilrettelagt for dataregistrering av navnemateriale.

Eks. på en post (post = stedsnavn med tilhørende opplysninger):

POST NUMMER 1

	MORF	morfemanalyse	Landvik/vatn-et
	UTTA	uttale	`lannvigvann@
Felt	LOKA	lokalitetstype	vatn
	NAMS	klassifisering	vatn
	ADLO	admin.lok	Aust-Agder/Grimstad (Landvik)
	KOOR	koordinatfesting	ØK BP008-5-3(35)/ AC13 231
	KOMM	kommentar	Sjå 31, 270.
	Feltkode	Feltnavn	Feltinnhold (opplysn. om hvert navn)

Hovedgrunnen til at en benytter FELTED, er at en har villet basere seg på et programsystem som er særlig tilpassa behova ved instituttet når det gjelder vitenskapelig bruk av stedsnavn og personnavn. Pakka inneholder flere program, bl.a. et hovedprogram for innskriving av ulike navnegrupper. Hovedprogrammet inneholder vanlige søkefunksjoner der en kan leite etter enkelttegn eller tegnkombinasjoner fra begynnelsen av feltet (kalt "feltinnhold" ovf.) eller fritt hvor som helst i feltet.

Et annet program plukker ut hele poster og lagrer dem etter samme kriterier. Finner en det en søker etter i flere poster, vil en altså kunne få skrevet ut disse postene på en egen utskrift. Vi kan se på følgende eksempel: Leiter en på fri søking i f.eks. MORF-feltet (MORF er her en kode som gjør at maskinen vet hvilka linje den skal leite på) etter navn med bestemthetsmorfemet et, dvs. tegnsekvensen "-et", vil programmet bl.a. finne navn som Landvik/vatn-et (se f.eks. ovf.), men også navn som Bu/hol-et, Snøløs/vatn-et, Stoet, Varp-et, Østre nes-et osv.

En kan søke på alle felta som er tatt med for hvert navn. I noen felt er opplysningene standardiserte, dvs. at en bare har et bestemt sett med opplysninger som kan finnes innen et felt. I NAMS-feltet vil f.eks. navn som refererer til daper, pytter, tjørner, vann osv. være klassifisert som "vatn" (NAMS er kode for klassifisering av lokalitetstype). Søker en i NAMS-feltet på "vatn", får en da altså ut navn som Landvik/vatn-et, Lang-e/tjørn, Stor-

e/pytt (eventuelt uten markering av fonemgrenser) osv. På samme måte kan en få ut alle navn som viser til "fjell", "myr" osv., slik at en kan danne seg et bilde av hvilke lokalitetstyper som er navngitt innen et geografisk område, hvor mange det fins av hver type, hvilke navnetyper som er brukt på fjellokaliteter, myrlokaliteter osv. På dette grunnlaget kan en eventuelt videre undersøke i hvilken grad "myr"-navn er sammensatte eller usammensatte osv.

Men dette systemet støter også på problemer. Dersom det forekommer skrivefeil i klassifiseringene (det dreier seg jo om titusenvis av navn), vil maskinen hoppe over de stedene der det er skrivefeil. Maskinen kan nemlig ikke se at f.eks. "vant" er skrivefeil for "vatn". Et annet forhold er at en ikke har vært konsekvent mht. klassifisering av lokalitetstypene. Noen ganger har en også endret dem til fordel for mer selvforklarende klassifiseringer. En må da altså prøve seg fram om f.eks. "bustad", "bustadhus", "gard", "tomt" osv. fins. Vil en undersøke et materiale fra et bestemt geografisk område, inneholder det kanskje bare navnetyper som tilsvarer $^2/_3$ av de mulige klassifiseringene. Det er da ganske mye ekstraarbeid (og ekstrakostnader)å sjekke om materialet inneholder navn som tilsvarer den siste tredelen av klassifiseringene.

Det er overfor slike problemer at programmet **Feltsj** (skrevet av undertegnede) kan være et tjenlig redskap. Dette programmet forteller hvilket innhold feltene i et materiale har, hvor mange ganger ulike feltinnhold er registrert, hvor mange ganger feltet er utfylt, og hvor mange poster (navn) det undersøkte materialet omfatter. En oppgir da feltkoden til det feltet en er interessert i å vite feltinnholdet av. Programmet skriver så ut ei alfabetisk ordnet liste med antall forekomster av de ulike klassifiseringene i feltet. På den måten får en oversikt over alle ord eller ordkombinasjoner (opplysninger) innen et bestemt felt i et bestemt materiale. En kan også velge å få en oversikt over klassifiseringene etter frekvens. Har en altså skrevet "vant" i stedet for "vatn" eller "ur" i stedet for "urd", vil en få beskjed om det gjennom utskriften slik at en kan få rettet det. En slipper altså å prøve seg fram til hvilke ord (opplysninger) som fins i feltet.

Dersom formene "gard" og "gardsbruk" fins, og en vil undersøke hvor mange ganger disse klassifiseringene er brukt i et bestemt materiale, kan en la programmet søke bare på de fire første bokstavene ("gard"). Da vil tegna -"bruk" bli oversett.

Programmet vil være anvendelig for sortering av andre navnegrupper enn stedsnavn, f.eks. personnavn, dyrenavn osv. Dokumentasjon vil være tilgjengelig ved Institutt for namnegransking i forbindelse med **Felted**-systemet.

Erik Johannes Vintermyr

SIVILTENESTE FOR NAMNEVERN:



I den seinare tida har me registrert at man ge sivile tensteplikiige har søkt seg arbei på ymse omkverve i kulturlivet, og ikkj så få har kome til dei vitskaplege namne institusjonane. Somme har òg teke på se konkret innsamlingsarbeid. Ein av desse ha vore ***Hans Bringeland****, teolog av utdanning men sterkt interessert også i lokalkulturen I studietida samla han og kona hans,* ***Gunhild Haga****, inn gode 8.500 stadnamn frå alle gardane i heimbygda (Jondal i Hardanger), og då han i oktober 1985 skulle ha 4 månaders siviltenesteste, kom han til fylkeskulturkontoret i Hordaland, der han i samarbeid med Nordisk institutt fekk i oppdrag å skaffa eit oversyn over det som var gjort av stadnamninnsamling i fylket. Dessutan skulle han sjølv ta til å samla inn i Bordalen på Voss og etter kvart læra opp ein lokal innsamlar.*

Bringeland fortel at han nytta mesteparten av tida til å gå gjennom arkivmateriale, manuskript og litteratur som gjeld stadnamn i Hordaland. Han har òg sendt ut rundskriv til kommunane i fylket for å få opplysningar om kva innsamling som var i gang, og til dei vidaregåande skulane med spørsmål om særoppgåver med stadnamn som tema.

*Registreringsarbeidet var meint som ein del av grunnlaget for å organisera ei fylkesomfemnande stadnamninnsamling i Hordaland meir eller mindre etter mønster av det som vert gjort i dei andre vestlandsfylka. Sjølv om innsamlinga i Hordaland alt var kome etter måten langt, vil det vera viktig å setja i verk ein plan for heile fylket, både av di fleire

STUDIER OVER BUSTADNAVN FRA ØSTFOLD

Norsk stadnamnlitteratur har fått eit nytt og interessant tilskott. Boka heiter **Studier over bustadnavn fra Østfold** og er skriven av **Kåre Hoel**, førsteamanuensis ved Institutt for namnegransking (Norsk stadnamnarkiv). Hoel har i fleire år arbeidd med ein revisjon av Østfold-bindet i serien "Norske Gaardnavne" (NG). Gjennom dette prosjektet (som boka er ei frukt av) har Hoel fått grundig kjennskap til Østfold. Ha kjenner både målføra, landskapet og dei historiske kjeldene.

Da NG er eit verk av leksikalsk art, gir det liten plass for vitskapleg drøfting av tolkingsframlegga. Under arbeidet med NG-revisjonen har Hoel skrive eit fyldig grunnmanus, der "mange navn har fått en så lang kommentar at de vanskelig kan passe inn i det vanlige mønster for leksikalske verk" (forordet). Frå dette grunnmanuset har forfattaren valt ut 36 artiklar (namnekommentarar), som blir presenterte i boka. Berre éin av artiklane (om gardsnamnet **Ba**) har vore publisert før.

Dei fleste stadnamna som Hoel drøftar, er utolka eller etter hans syn feiltolka i NG og (ofte) annan namnelitteratur. Eksempel på utolka namn i NG er **Tenor** (nedlagd gard og plass i Eidsberg). Somme artiklar gjeld yngre "bruks- og plassnavn, som synes ha en spesiell kulturhistorisk interesse." Slike namn har som oftast ikkje fått omtale i NG, t.d. **Marikova** (holme og nedlagd plass i Borge). Av kulturhistoriske namn kan nemnast **Huken** og **Kåpegot**, som begge fortel bygningshistorie (dersom Hoel tolkar rett). Ein historisk godbit for lesaren er øynamnet **Isegran** i Glåma (Fredrikstad bykommune). Denne strategisk plasserte øya er nemnt første gongen 1287 som militært støttepunkt og borg. Frå midt på 1600-talet vart ho knytt til Fredrikstad festning, og enno visest vollar og murar. Hoel meiner Isegran kan ha opphav i gammalfransk **Isle grande** og tolkar namnet som "den sterke, prektige, grandiose øya". Namnet duftar riddarromantikk, men tolkinga verkar realistisk og sannsynleg. Fransk riddarkultur var velkjent her til lands på 1200-talet.

Denne omtalen er ikkje tenkt som ei fagleg vurdering, men ein tør trygt spå at **Studier over bustadnamn...** vil bli rekna for eit solid stykke fagmannsarbeid. Fagleg skolerte lesarar vil sjølvsagt få størst utbyte av boka, men også andre stadnamninteresserte (t.d. lokalhistorikarar) vil finne mangt av interesse. Hoel slår ikkje om seg med fagnemningar i utide, og dette lettar lesinga mykje. Lokalhistorikarar og andre som tolkar stadnamn i ny og ne, vil nok lære mykje av den kritiske metodikken Hoel brukar i namnegranskinga. Både uttale og gamle skriftformer (sjå artikkel **Elmark** s. 47) blir nøye saumfarne

før dei finn nåde eller ikkje. Namn frå andre bygder og landsdeler (også svenske) blir ofte nytta til jamføring. Dette styrkar tolkingane og aukar nytteverdien for eit større publikum. Eit fyldig stadnamnregister gjer boka lett å bruke som oppslagsverk. Hoel kjenner alle Østfoldnamna av sjølvsyn og presterer derfor aldri reint "skrivebordsarbeid". Fleire (og betre) foto ville likevel hatt stor verdi både som dokumentasjon og illustrasjonar. - Til slutt skal berre nemnast at boka kjem ut som nr. 4 i serien "Skrifter frå Institutt for namnegransking" (før "Norsk stadnamnarkiv").

Kolbjørn Aune

Kåre Hoel:
Studier over bustadnavn fra Østfold. *Skrifter frå Institutt for namnegransking 4. Universitetsforlaget 1985. 283 s. Kr. 155,-*

ÅRSMELDING FOR INSTITUTT FOR NAMNEGRANSKING 1984
OSLO 1985

Boka er på 170 s. og kostar kr. 45,-

Innhaldslista ser slik ut:

Årsmelding 6

Gunhild Birkeland og Margit Barsson: Oversyn over stadnamntilfang frå 10 austlandsfylke 17

Botolv Helleland: Bladnamn i Oslo 60

Kåre Hoel: Småplukk fra ekserpter om persontilnavn og yrkesnavn og om bruken av disse i bustadnavn ... 78

Tom Schmidt: Skrivemåten av navn på NGOs hovedkartserie 118

Anne Svanevik: Drøfting av et utvalg navn fra personnavnprosjektet i Stavanger 133

Erik Johs. Vintermyr: Øndråsen, Vetefjell og Valåsen - tre navn fra et dialektgeografisk overgangsområde i Aust-Agder 154

Litteratur 167

INGE SÆRHEIM

STADNAMN fortel historie

OM NAMNGJEVING, NAMNEBRUK OG OPPLYSNINGAR I STADNAMN

Stadnamna våre har vorte overførte munnleg frå generasjon til generasjon – somme i mange hundre år. Dei fleste namna er laga i tilknyting til næringsmessig utnytting av terrenget – landet og sjøen. Dei gjev eit spegelbilete av folk sine gjeremål og oppfatningar – av arbeid og levevis, tenkjemåte og språkbruk.

Stadnamn fortel historie gjev døme på opplysningar om språk og historie som kan lesast ut av eit innsamla namnetilfang.

kr. 120,-

Til salgs i bokhandelen

UNIVERSITETSFORLAGET

Kåre Hoel

STUDIER OVER BUSTADNAVN FRA ØSTFOLD

I denne boka tar Kåre Hoel for seg et utvalg av gårdsnavn i Østfold som både språklig og kulturhistorisk er særlig interessante. En rekke nytolkninger blir lagt fram. Om artikkelsamlingen først og fremst gjelder bustadnavn, så kommer den også inn på andre slags navn og navnegrupper som øynavn, elvenavn, navn på tjern og høgder. Dessuten blir det lagt vekt på å se navnene fra Østfold i videre sammenheng, og en stor mengde navn fra det øvrige Norge og andre nordiske land er dratt inn til sammenlikning.

Kåre Hoel, som er førsteamanuensis ved Institutt for namnegransking ved Universitetet i Oslo, har gjennom mange år forsket i bustadnavnmateriale fra Østfold med tanke på en ny og øket utgave av Oluf Ryghs store verk *Norske Gaardnavne*. Det utvalget av artikler som her legges fram, er et resultat av dette arbeidet.

Kr 155,– innb.
283 sider

Kjøpes eller bestilles i bokhandelen

UNIVERSITETSFORLAGET

Returadresse
Institutt for namnegransking
Postboks 1011 Blindern
0315 Oslo 3

ISSN 0800 - 4676